

Til Hovudutval for miljø og samferdsel, Vestland Fylkeskommune.

Krav om betre ferjetilbod.

Bakgrunn:

Hufthamar – Krokeide har over dei siste åra vokse seg til det desidert største fylkesvegsambandet i Vestland, men har langt i frå det beste rutetilbodet. Rutetilbodet har altså ikkje følgd med trafikkveksten.

Austevoll tinga og fekk i 2015 Helge Hopen rapporten, som viser dette. Rapporten syner fakta og statistikk for ferjetilbodet til og frå Austevoll. Kort oppsummering i hovudpunkt:

- *Austevoll har hatt ein vekst på 10% i folketalet dei siste 5 åra, og innbyggjartalet er venta å stige ytterlegare 30% dei neste 15-20 åra.*
 - *Austevoll har eit næringsliv som har høgast verdiskaping pr. sysselsett i Hordaland og som ligg 62% høgare enn landsgjennomsnittet. Innpendlinga til kommunen har auka med gjennomsnittleg 11% kvart år sidan år 2000.*
 - *Medan trafikkveksten på vegnettet i Hordaland har auka med ca. 7 % dei siste 6 åra, har trafikkauken på sambanda til Austevoll auka med 19% (Krokeide-Hufthamar) og 27% (Husavik-Sandvikvåg).*
 - *Utviklinga i folketal, næringsutvikling og pendling tydar på at veksten vil halde fram i åra som kjem.*
- Ferjetilbodet (frekvens) på Krokeide – Hufthamar ligg i dag vesentleg lågare enn på andre ferjesamband i fylket med tilsvarende trafikkmengd. Trafikken på desse sambanda har alternative køyreruter. Det har ikkje Austevoll.**

Etter at rapporten vart lagt fram i 2015, har også trafikk mengda auka mest på Hufthamar - Krokeide. Frå 2017 til 2018 var den på 8,91 %. Statistikk for 2018 er vedlagt.

To eksempel, samanlikna med Hufthamar - Krokeide :

Eit samband som har halvparten av trafikken og er landfast på begge sider. Har 1 time og 50 minutt lengre opningstid og 2 ferjer i drift heile året.

Eit anna samband, med mykje betre rutetilbod og mykje lengre opningstid, går med 3500 tomme ferjer i året, Hufthamar – Krokeide har 19 tomme i året (2018 tal).

Skys og Vestland fylke har ansvaret for drift av ferjer, dei må syta for at ruteproduksjon står i forhold til trafikkmengd og om eit samband er landfast eller ikkje. Best rutetilbod og opningstid der det er mest trafikk, og ein må ta omsyn til om eit samband er landfast eller ikkje. Austevoll, som er Norges mest folkerike kommune utan fastlandsforbindelse, stengjer i dag 22:35 ut av kommunen.

Austevoll må få eit rettferdig rutetilbod, der ein tek omsyn til trafikkmengd og om eit samband er landfast eller ikkje. Basert på dette er det ein sjølv sagt sak at Hufthamar – Krokeide skal ha det beste rutetilbodet. Austevoll er saman med Fedje dei einaste kommunane i «Hordaland» som ikkje er landfast.

Næringslivet i Austevoll er oppgitt og over rutetilbodet, viser til vedlegget ein stad går grensa, som omhandlar at dagens ferjetilbod står i vegen for ei investering på 500 millionar kroner. Næringslivet i Austevoll driv på trass av og ikkje på grunn av ferjetilbodet.

Når ein har den største trafikken, i tillegg til at ei ikkje er landfast, må ein kunna forventa at ein og får det beste rutetilbodet. Næringslivet og innbyggjarane i Austevoll må ha eit betre tilbod, for og utvikla seg vidare.

SP i Austevoll krev at Hufthamar – Krokeide får ei opningstid som går i frå Hufthamar 05:45 der siste ferja legg til kai på Hufthamar 01:35, og to ferjer i drift, kvar dag heile året. Slik eit anna samband med halvparten så mykje trafikk har i dag. Austevoll er ikkje landfast og er den mest folkerike kommunen i landet utan fastlandsforbindelse, og er i tillegg det største fylkesvegferjesambandet i Vestland. Sambandet vårt i sør Husavik – Sandvikvåg har og betydeleg dårlegare tilbod, her må ein og få likt tilbod som samanliknbare strekningar.

For Senterpartiet i Austevoll

Tore Hufthammer.

